

LÆREPLAN «INNSATS FOR ANDRE»

TRINN: 8.+ 9.+ 10. klasse

Årstimetall: 76

Tid	Kompetansemål	Emne Kva	Arbeidsmetodar/-måtar Korleis	Vurdering/måloppnåing
August - oktober		- Oppstart : Bli kjent	- Aktivitetar som krev samarbeid	- I kva grad eleven bidreg til fellesskapet og gjer sitt beste for å oppnå gode resultat - I kva grad eleven gjer sitt beste for å bli kjent med nye medelevar.
	Utforske og reflektere over kva frivillig arbeid og sosialt entreprenørskap inneber, og kva dette betyr i praksis	- Kva er frivillig arbeid? - Bli kjent med kva frivillige lag og organisasjonar som finst i Leikanger - Frivillig arbeid i praksis - Bli kjent med nettstaden til « <i>Frivillighet Norge</i> » - Sjå relevante dokumentarar om frivillig arbeid	- Samtale ; Kva veit elevane om frivillig arbeid/ Kva erfaringar har dei med frivillig arbeid? - Undersøke kva informasjon som finst på kommunen sine heimeside om frivillige lag og organisasjonar - Gjennomføre ryddeaksjon på skulen,+ evt.i prestehagen - Undersøke www.frivillig.no - Døme: «Hvem bryr seg» «Petter uteligger»	- I kva grad eleven bidreg med kunnskap og erfaringar , samt viser evne til refleksjon gjennom munnleg aktivitet - I kva grad eleven tek initiativ og bidreg under aksjonen
Oktober – november	Planlegge og utvikle sosiale tiltak som bidreg til eit inkluderande samfunn Gjennomføre praktiske sosiale tiltak for andre i samarbeid med andre	- Planleggje og gjennomføre arrangement til inntekt for godt føremål. Døme: Skulejoggen - Bidra i samband med MOT TIL Å GLEDE-dagen	- Diskusjon i gruppa: Kva tiltak skal få støtte Korleis skal arrangementet gjennomførast Tidfeste dato for arrangementet Korleis samle inn mest mogeleg pengar? Kven har ansvar for dei ulike arbeidsoppgåvene? - Gjennomføre arrangementet etter planen - Etterarbeid; Rydding, få oversikt over inntekter, evaluering av arrangementet, sette overskotet på konto i banken	- Munnleg aktivitet: I kva grad eleven bidreg med konstruktive innspel - Gjennomføring: I kva grad eleven gjennomfører sine oppgåve og tek initiativ til å bidra - Eigenvurdering
Desember	Planlegge og utvikle sosiale tiltak som	- Innsats for andre på heimebane	- Etter avtale med føresette, hjelpe nokon som treng det (foreldre,	- Føresette gir tilbakemelding på at oppgåva er gjennomført

LÆREPLAN «INNSATS FOR ANDRE»

TRINN: 8.+ 9.+ 10. klasse

Årstimetal: 76

	<p>bidreg til eit inkluderande samfunn</p> <p>Gjennomføre praktiske sosiale tiltak for andre i samarbeid med andre</p> <p>Følge etiske retningslinjer og tilpasse kommunikasjonen til ulike målgrupper</p>		<p>besteforeldre, sysken, naboar). Døme på oppgåver: lage middag, støvsuge, vaske golv, tørke støv, vaske kle, passe småsøsken, gå tur med hunden, hjelpe søsken med skularbeid, bake til jul, skrive julekort, reingjere bil innvendig/ utvendig, måke snø etc</p> <p>-</p>	<ul style="list-style-type: none"> - At eleven held tidsfristene - Eigenvurdering
Januar – april	<p>Planlegge og utvikle sosiale tiltak som bidreg til eit inkluderande samfunn</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Kartleggje behov for frivillig arbeid i t.d. barnehagar og SFO eller hos andre frivillige aktørar på Leikanger 	<ul style="list-style-type: none"> - Invitere ressurspersonar på besøk til skulen - Elevane førebur spørsmål - Ressurspersonane informerer - Elevane stiller spørsmål 	<ul style="list-style-type: none"> - Munnleg aktivitet: I kva grad eleven bidreg med konstruktive innspel og spørsmål
	<p>Planlegge og utvikle sosiale tiltak som bidreg til eit inkluderande samfunn</p> <p>Gjennomføre praktiske sosiale tiltak for andre i samarbeid med andre</p> <p>Følge etiske retningslinjer og tilpasse kommunikasjonen til ulike målgrupper</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Planleggje og gjennomføre frivillig arbeid i barnehagar og SFO på Leikanger eller med andre frivillige aktørar 	<ul style="list-style-type: none"> - Planleggje tiltak - Utplassering 	<ul style="list-style-type: none"> - I kva grad eleven stiller budd til å gjennomføre aktivitetar/tiltak med ungane - I kva grad eleven engasjerer og involverer seg - I kva grad eleven følgjer inngåtte avtaler
	<p>Utforske og reflektere over kva frivillig arbeid og</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Munnleg presentasjon med utgangspunkt i erfaringar gjort 	<ul style="list-style-type: none"> - Elevene førebur presentasjon individuelt eller parvis 	<ul style="list-style-type: none"> - Vurdering etter kriterium som elevane har vore med på å

LÆREPLAN «INNSATS FOR ANDRE»

TRINN: 8.+ 9.+ 10. klasse

Årstimetal: 76

	sosialt entreprenørskap inneber og kva dette betyr i praksis	under utplasseringa	- Gjennomføring av presentasjon for medelevar på «Innsats for andre»-gruppa	- bestemme - Eigenvurdering
Mai - juni	Utforske og reflektere over kva frivillig arbeid og sosialt entreprenørskap inneber og kva dette betyr i praksis	- Fordjuping i ein nasjonal/internasjonale hjelpeorganisasjon sitt arbeid	- Bruke Internett til å finne fakta om organisasjonen - Førebu munnleg presentasjon individuelt eller gruppevis - Gjennomføre presentasjon for IFA-medelevar eller fagsamtale med lærar	- Vurdering etter kriterium som elevane har vore med på å bestemme - Eigenvurdering av presentasjonen
	Planlegge og utvikle sosiale tiltak som bidreg til eit inkluderande samfunn Gjennomføre praktiske sosiale tiltak for andre i samarbeid med andre Følge etiske retningslinjer og tilpasse kommunikasjonen til ulike målgrupper	- Innsats for andre på heimebane	- Etter avtale med føresette, hjelpe nokon som treng det (foreldre, besteforeldre, sysken, naboar). Døme på oppgåver: lage middag, støvsuge, vaske golv, tørke støv, vaske kle, passe småsøsken, gå tur med hunden, hjelpe søsken med skularbeid, førebuing til konfirmasjon, reingjere bil innvendig/ utvendig, etc - Evt. «Jakta på 80 hjarte»	- Føresette gir tilbakemelding på at oppgåva er gjennomført - At eleven held tidsfristene - Eigenvurdering - Fagsamtale med lærar

Tverrfaglege tema: Folkehelse og livsmeistring + demokrati og medborgarskap

Aktuelle filmar: Patch Adams (1998), Pay It Forward (2000), The Blind Side (2009), The Untouchables (2011),

KOMPETANSEMÅL FRÅ KUNNSKAPSLØFTET

Mål for opplæringa er at elevane skal kunne

- utforske og reflektere over kva frivillig arbeid og sosialt entreprenørskap inneber og kva dette betyr i praksis
- planlegge og utvikle sosiale tiltak som bidreg til eit inkluderande samfunn
- gjennomføre praktiske sosiale tiltak for andre i samarbeid med andre
- følge etiske retningslinjer og tilpasse kommunikasjonen til ulike målgrupper

LÆREPLAN «INNSATS FOR ANDRE»

TRINN: 8.+ 9.+ 10. klasse

Årstimetal: 76

KRITERIE	Høg måloppnåing	Middels måloppnåing	Låg måloppnåing
Medelevar og miljø i gruppa/ klassen	Er inkluderande overfor alle medelevar Viser vilje til samarbeid. Ser etter om nokon treng hjelp og tilbyr hjelp til dei som treng det.	Er delvis inkluderande. Viser vilje til samarbeid. Arbeider mest med egne oppgåver, men hjelper av og til medelevar som treng det.	Er ikkje inkluderande. Viser liten vilje til samarbeid. Tek ikkje initiativ til å hjelpe dei som treng det.
Tankar og refleksjonar	Deler refleksjonar – viser kunnskap. Seier kva du meiner og tenkjer. Lytta til kva andre seier. Respekterer det andre seier sjølv om du ikkje er samd i synspunkta deira.	Seier av og til kva du meiner og tenkjer. Lytta til / lyttar stort sett til kva andre seier. Respekterer det andre seier sjølv om du ikkje er samd i synspunkta deira.	Seier svært sjeldan kva du meiner og tenkjer. Kan kome med usaklege kommentarar. Viser ikkje positiv interesse for medelevar sine innspel.
Planlegging	Bidreg med innspel og konstruktive forslag til korleis gruppa/klassen kan løyse ulike oppgåver. Viser interesse for og følgjer opp innspel frå medelevar	Bidreg av og til med innspel til korleis gruppa/klassen kan løyse ulike oppgåver. Viser noko interesse for innspel frå medelevar.	Bidreg svært sjeldan med konstruktive innspel til korleis gruppa/klassen kan løyse ulike oppgåver. Viser ikkje interesse for medelevar sine innspel.
Gjennomføring av planlagt arbeid	Er sjølvstendig og sjølvgåande, tek initiativ og spør andre om dei treng hjelp dersom du er ferdig med ditt oppdrag.	Er stort sett sjølvgåande, men brukar ein del tid på å få gjennomført oppgåvene. Tek av og til / sjeldan initiativ til å få nye arbeidsoppdrag når ditt eige er gjennomført.	Er lite sjølvgåande og effektiv. Treng svært mykje tid og oppfølging for å få gjennomført egne arbeidsoppdrag.
Munnleg framføring	Følgjer oppgåveinstruksjonen, utdjupar temaet, har med egne tankar, uttrykker seg presist med godt ordforråd, engasjert, med god stemmebruk, kommuniserer med publikum.	Følgjer stort sett oppgåveinstruksjonen, til dels svak struktur og lite planlagt, åtferd kan leie merksemda vekk frå poenga, ein del opplesing, god stemmebruk	Har lite/ingenting å formidle.

Ei samla vurdering / heilskapsinntrykket vert viktig i høve til vurderinga.

VIKTIG!: Kompetansemåla og karakteren i haustterminen gjeld når standpunktkarakter blir sett til våren.